

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eli Nes Killingrød, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 15/8067-20

Eigarposisjonen i Fjord1 AS

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnavis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.
3. Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Uprenta vedlegg (u. off., offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13).

1. Notat frå Wiersholm/DHT, dagsett 12. november 2015
2. Utkast til aksjesalsavtale med Torghatten ASA
3. Utkast til aksjonæravtale med Torghatten ASA

SAKSFRAMSTILLING

1. SAMANDRAG

Handsaminga av Eigarmeldinga for 2013 i fylkestinget vart starten på ei ny vurdering av eigarposisjon vår i Fjord1 AS (Fjord1).

Alternativ bruk av offentlige midlar som i dag er bundne i Fjord1, samt den risikoen som ligg i ein framtidig eigarskap, må nøye vurderast opp mot vinsten ved eigarposisjonen.

Fylkesrådmannen går i saka gjennom nokre sentrale problemstillingar og utviklingstrekk i bransjen og dei strategiske omsyna som vi har lagt til grunn for eigarskap i private selskap, med

særleg merksemd på eigarskapen i Fjord1. Dette vert så vurdert opp mot konkrete handlingsalternativ. Nokre av dei vert forkasta, nokre vert vurderte som moglege og gode og ei løysing vert tilrådd. Dette er i samsvar med mandatet fylkesrådmannen har fått frå fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen si tilråding bygger på tilrådinga frå våre rådgjevarar i Advokatfirmaet Wiersholm AS (Wiersholm) og DHT Corporate Services AS (DHT).

Tilrådinga har i seg element som inneheld delvis realisering no, vidareføring av eigarskapen (for å få med seg «gode år») og så full utgang om nokre år. Det inneber at tilrådinga hentar element frå fleire av dei handlingsalternativa som er utgreidde.

Fylkesrådmannen meiner at den løysinga som er forhandla fram samla sett vil gje det beste resultatet for fylkeskommunen og Fjord1, både samanlikna med andre bod og samanlikna med dei andre handlingsalternativa. Den vil òg styrke den fylkeskommunale økonomien monaleg framover. Samstundes sikrar løysinga nokre strategiske omsyn som t.d. hovudkontor i Florø.

Det er også eit vesentleg poeng at risikoen i denne marknaden er stor, og at den aukar som følgje av nye miljøkrav og auka internasjonal konkurranse. Denne risikoen vil kunne gje store variasjonar i avkastinga på kapitalen, både i positiv og negativ retning. Fylkesrådmannen meiner at fylkeskommunen som offentleg forvaltningsverksemd ikkje bør eksponere seg for den type risiko.

Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkestinget inngår aksjesalsavtale mm. med Torghatten ASA (Torghatten) og sel seg ned i Fjord1/F1 Holding etter kvart.

Saka er offentleg. Det gjer det mogleg å handsame ho utan å lukke møtet/møta.

Vedlegga i saka er gitt status som uprenta vedlegg. Desse vil i første omgang bli omdelte og gjennomgått i fylkesutvalet 16. november. Heimelen for dette ligg i offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13.

2. BAKGRUNN FOR SAKA

Grunnen for at saka er fremja

I fylkestingssak 37/13, Eigarmeldinga 2013, vedtakspunkt 5 går det fram at:

«Fylkestinget ber fylkesutvalet organisere eit arbeid med gjennomgang av fylkeskommunen sin eigarstrategi for handsaming i fylkestinget i april 2014.»

Utvalet drøfta oppfølging av vedtaket i møte 29. januar 2014 og sette ned ei arbeidsgruppe (gruppeleiarane). Etter attendemelding frå arbeidsgruppa vedtok fylkesutvalet i møte 26. februar 2014 å oppdatere delar av det grunnlaget som ligg i FT-sak 42/11 om eigarposisjonen i Fjord1.

Fylkesutvalet godkjende mandatet for arbeidet 2. april 2014. Oppdatering av grunnlaget frå saka i 2011 vart lagt fram for fylkesutvalet 18. august 2014. Det vart då vedteke å gå vidare med prosessen. I fylkesutvalet 24. september 2014 vart det vedteke å gjennomføre tre parallelle utgreiingsprosessar knytt til dei tre overordna handlingsalternativa:

1. Framhald av eigarskapen som i dag
2. Framhald av eigarskapen og få inn ein ny medeigar gjennom kapitalinnskot
3. Heilt eller delvis sal av aksjar i Fjord1

Føremålet med å gjennomføre parallelle prosessar var å gje fylkestinget eit best mogleg grunnlag for å vedta den framtidige eigarposisjonen i Fjord1.

Om selskapet Fjord1

Historikk

Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane (FSF) vart skipa i 1858 som Nordre Bergenhus Amts Dampskibe. I 1919 skifta reiarlaget namn til Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane. I 2001 vart FSF saman med Møre og Romsdal Fylkesbåtar (MRF) dotterselskap av det nye konsernet Fjord1 Nordvestlandske AS. I 2011 tok Havilafjord AS (Havila) over Møre og Romsdal fylkeskommune sine aksjar (41 %). I den prosessen vart Sogn og Fjordane fylkeskommune sine aksjar overført til F1 Holding, der fylkeskommunen er eineigar.

Som følgje av Møre og Romsdal fylkeskommune sitt sal og vår vurdering av bruk av ev. forkjøpsrett gjennomførte fylkesrådmannen tingingar i 2011 for mellom anna å gradvis avvikle eigarskapen. Løysinga fekk ikkje fleirtal i fylkestinget og eigarskapen vart vidareført uendra.

Fjord1 i dag

Fjord1 er det største selskapet i landet innan ferje, passasjer- og hurtigbåt. Omsettinga er om lag 2,3 mrd. kr med nesten 1 300 tilsette. Selskapet har i dag 62 ferjer og 9 hurtigbåtar/andre båtar.

I 2010 vart det gjennomført ei konsentrasjon av drifta ved sal av bl.a. buss- og godstransport. I 2012 vart dotterselskap og morselskap fusjonert til Fjord1 og mykje av aktiviteten i Molde flytta til Florø. Selskapet står i dag fram som eit meir reindyrka ferje- og hurtigbåtselskap med aktivitet over heile landet. Verksemda har i tillegg eigarskap (34 %) i Widerøe flyveselskap AS saman med tilsette, Nordland fylkeskommune og Torghatten.

For å styrke eigenkapitalen vart det ikkje betalt utbytte i nokre år på 2000-talet. Pga. dårlege resultat vart det heller ikkje betalt utbytte i 2012 og 2013. Fylkeskommunen fekk om lag 29 mill. kr i utbytte i 2014.

Fjord1 står no fram med styrka forretningskultur. Det er gjort fleire grep for å auke effektiviteten og lønsemda.

Så langt i 2015 har selskapet avvikla tapskontraktar og vunne nokre korte kontraktar med betre lønsemd. Fleire meirkjøp er òg på plass.

Samstundes er Stortinget sine ny miljømål krevjande. Det er venta at krav om batteridrift og t.d. biodiesel kjem for fullt på dei nye, langsiktige kontraktane. Fjord1 har, som de andre aktørane i bransjen, ein relativt gamal flåte.

Langtidsbudsjettet syner ei positiv utvikling til og med 2018 basert på inngåtte kontraktar. Etter den tid er situasjonen meir usikker då fleire kontraktar går ut i 2018 og 2019.

Sentrale problemstillingar

Etter nesten 150 år med geografisk avgrensa aktivitet til eige fylke og kontraktstingingar, vart det tidleg på 2000-talet innført eit regime med anbod. Fyrst berre med norske aktørar, men etter kvart med internasjonal konkurranse.

Omlegginga førte til ei omfattande konsolidering i bransjen. Reelt er det no berre fire aktørar att. Det er venta ytterlegare konsolidering til tre aktørar.

I Noreg er det venta at totalmarknaden i ferjedrift gradvis vil minke. T.d. vil planane som no ligg i Nasjonal transportplan (NTP) 2014 – 2023 og vidare framover føre til avvikling av fleire sentrale samband som t.d. Boknafjorden og Bjørnefjorden og samband i Møre og Romsdal. Eventuell vekst for bransjen må difor skje internasjonalt.

I november 2014 bad Stortinget regjeringa syte for at alle komande ferjeanbod har krav til null- og lågutslepp. Det er usikkert kor raskt slike krav vert innført for alle ferjeanbod og kva det vil krevje av ombygging eller sanering av eldre fartøy. Vi har allereie sett krav til nullutslepp i anbodskonkurransar. Vidare stiller fleire oppdragsgjevarar krav til maksimum alder på fartøy.

3. VURDERINGAR OG KONSEKVENSAR

Fylkeskommunen sin eigarskap i Fjord1

Viktige eigarskapsomsyn

Det er F1 Holding som eig aksjane i Fjord1, og som har dei direkte interessene knytt opp mot Fjord1. Sidan F1 Holding er eit heileigd selskap under fylkeskommunen, reknar vi interessene for å vere samanfallande.

Fylkesrådmannen er oppteken av at fylkestinget gjer eit vedtak som er til det beste for fylket, og som sikrar dei fylkeskommunale verdiane. Det er likevel ønskjeleg òg å sjå dette i samanheng med kva som gagnar Fjord1.

Eigarskapspolitikken til fylkeskommunen vert vurdert årleg i eigarmeldinga. Nokre av føremåla har særskilt relevans for eigarskapen i Fjord1:

Finansielle mål

- Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet, som til dømes Sogn og Fjordane Energi AS.

Næringsutvikling

- Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, som til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.
- Delta i investeringselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, som til dømes Fjord Invest Såkorn AS.
- Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.

Fylkesrådmannen meiner det finansielle målet er mest relevant og avgjerande for vurderingane i saka. Det er likevel slik at Fjord1 gjennom t.d. reiselivssatsinga deltek i næringsutvikling i fylket, men på eit reint kommersielt grunnlag.

Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med risikoen

Fjord1 er no ein av fire store nasjonale aktørar innafor ferjedrift. Marknaden har gått frå å vere ein regulert marknad med mange lokale aktørar, til nokre få store aktørar med nasjonale – og etter kvart internasjonale – ambisjonar. Overgangen frå forhandla kontrakt til offentleg anbod fører med seg sterk konkurranse og høg risiko. Aktørar mister konsesjonar dei tradisjonelt har hatt geografisk tilknytning til og vinn kontraktar i andre fylke. Mykje av verdien av selskap i bransjen kan bli tufta på nokre lukrative samband med avgrensa tidshorisont. Anbodssystemet favoriserer ikkje lokale operatørar eller operatørar som alt har kontrakt på eit samband.

Dei fleste fylkeskommunane er no – av ulike grunnar – ute av denne type eigarposisjonar. Eigenkapitalen vår i Fjord1 er i aukande grad bunden i infrastruktur innafor samband i andre fylke.

Som eigar må vi i framtida vere budd på å medverke til effektiv drift i ein krevjande marknad. I tillegg til å sikre tilstrekkeleg kompetanse i selskapet og i fylkeskommunen blir det viktig å delta i eventuelle kapitalutvidingar og ta krevjande strukturavgjerder. For å oppnå føremålet om høgast mogleg avkastning på investert kapital i eit lengre perspektiv, må vi òg vere villig til å investere i eitt eller fleire nye forretningsområde som kan ligge lenger frå den fylkeskommunale

kjerneverksemda. Eit døme er eigarluten i Widerøe. Dette vil vere økonomisk krevjande å følgje opp for ein liten fylkeskommune som Sogn og Fjordane.

I vurderinga av eigarposisjonen i Fjord1 er det vesentleg å ta omsyn til risikoeksponeringa. Fylkeskommunen, som ei offentleg forvaltningsverksemd, set strenge krav til risikoeksponering. I finans- og konsesjonskraftreglement vert sikring vurdert som viktigare enn høvet til å oppnå større avkastning (og då eventuelt større tap). Rammeføresetnadane i ferjemarknaden er i endring, nye krav og auka konkurranse vil kunne gje store variasjonar i avkastinga på kapitalen – både i positiv og negativ retning.

Utbyte og verdiauke er i dag viktige grunnar for å halde fram ein eigarskap. Alternativ bruk av offentlige midlar som i dag er bunde i selskapet må nøye vurderast opp mot vinsten ved eigarposisjonen.

Arbeidsplassane i ferjedrifta er skjerma fordi desse i all hovudsak følgjer rutene og ikkje selskapa. Dette gjeld ikkje for hovudkontoret/leiinga, sidan administrasjonen lettare kan flyttast frå fylket. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å sikre at hovudkontoret til Fjord1 framleis vert liggjande i Florø.

4. DEI ULIKE HANDLINGSALTERNATIVA OG EFFEKTE AV DESSE

I etterkant av vedtaket i fylkesutvalet den 24. september 2014 har rådgjevarane våre greia ut dei tre handlingsalternativa i samsvar med mandatet. Dei mest sentrale omsyna i utgreiinga har vore kva som er den beste løysinga for fylkeskommunen sin aksjepost og for Fjord1 si vidare utvikling. For ei nærare utgreiing av prosessen og dei ulike handlingsalternativa, viser vi til uprenta vedlegg 1; Wiersholm og DHT sitt notat av 12. november 2015.

Handlingsalternativ 1 – Framhald av eigarskap som i dag

Fjord1 har hatt ei positiv økonomisk utvikling i det siste. Det faktum at selskapet mellom anna har vunne to anbod og fått meirkjøp på to samband gjev monaleg auka og sikrar god kontantstraum og lønsemd i selskapet fram til og med 2018. Leiinga i selskapet har informert om at det ligg an til gode utbyteutbetalingar for desse åra.

Samstundes syner utgreiinga at rammeføresetnadane for Fjord1 er i endring. Dette medfører både mogelegheiter og truslar for reiarlaget i tida framover. Krav om nye fartøy ved anbod gjer at Fjord1 truleg må erstatte fleire fartøy dersom dei vinn att samband dei trafikkerer i dag og difor får eit auka kapitalbehov i åra etter 2018. Tilsvarende gjeld dersom Fjord1 vinn nye samband og dermed må investera i nye fartøy.

Vi må difor ta stilling til om det er berekraftig for selskapet å gje/yte store utbyte dei komande åra. Det kjem mellom anna an på kva for vekststrategi fylkeskommunen som eigar ynskjer i tida framover. Dersom vi vel å ta ut store utbyte, må vi vere budd på å måtte tilføre selskapet ny kapital på lang sikt for å finansiere vekst.

Med ei usikker framtid vil Fjord1 ha behov for at vi er ein aktiv eigar som stiller klare krav til selskapet si drift, utvikling og strategi. Rådgjevarane våre rår til at vi opprettar ei eigareining i fylkeskommunen med ansvar for å følgje opp Fjord1 og andre eigarinteresser som vi har, til dømes i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Framlegget til rådgjevarane er at denne eininga skal syte for at fylkeskommunen er ein aktiv eigar og sparringspartnar for styret og leiinga i Fjord1 og at avdelinga syter for effektiv drift av selskapet og nødvendig kompetanse for å møte endra krav og rammeføresetnadar i marknaden.

Vidare meiner rådgjevarane at det i samband med dette bør etablerast ein valkomité for val av styremedlemmar, og det bør vedtakast ein instruks som gjer klare føringar for kompetansen til styremedlemmane.

Handlingsalternativ 2 – Framhald av eigarskap og ny medeigar gjennom kapitalinnskot

Dette alternativet vart fyrste gong lansert i august 2014 som fylgje av det fallande resultatet i Fjord1. Dette skuldast at selskapet tidlegare hadde vunne anbod på fleire samband med lav og negativ inntening.

På grunn av den positive utviklinga til selskapet i løpet av våren og sommaren 2015, er det rådgjevarane si vurdering at selskapet ikkje vil ha behov for kapitaltilførsel frå eigarane på kort sikt. I tillegg vil prisinga av Fjord1 og verditilførselen til selskapet ved eit kapitalinnskot vere relativt låg. Vidare har det vore lita interesse for kapitalinnskot i marknaden.

Havila har eit samanfallande syn som rådgjevarane og ser ikkje behov for ei slik løysing. Dette er relevant sidan det å hente inn kapital krev 2/3 fleirtal i generalforsamlinga.

Samla sett medfører desse tilhøva at handlingsalternativ 2 ikkje er eit reelt alternativ for fylkeskommunen sin framtidige eigarskap i Fjord1.

Handlingsalternativ 3 – Heilt eller delvis sal av aksjar i Fjord1

Rådgjevarane våre har sidan hausten 2014 arbeidd med eit mogleg sal av heile eller delar av aksjeposten vår i Fjord1 gjennom ein strukturert prosess i marknaden.

Det starta med at eit utval moglege interessentar vart invitert til å ta del i prosessen. Likehandsaming av alle aktørar har vore særleg vektlagt.

Den intensjonsavtalen mellom Fjord1 og Norled som vart inngått i mars 2015 vart i denne samanheng ei utfordring. Rådgjevarane har likevel søkt å handsame alle interessentar likt med omsyn til tilgang på informasjon, fristar, tidsmessige milepålar og høve til å møte rådgjevarane.

Proessen har synt ei vesentleg interesse for kjøp av aksjar i Fjord1, både frå industrielle og finansielle aktørar. Dette skuldast truleg fleire omstende. Fyrst og fremst syner Fjord1 gode økonomiske utsikter dei næraste åra. Vidare vil eit sal av Fjord1-aksjane til ein industriell aktør gi høve til å realisere stordriftsfordelar og auke potensialet for internasjonal vekst.

Verdien av aksjeposten vår har auka vesentleg gjennom prosessen frå indikative bod på vårparten i 2015 og fram til endelege bod den 2. november 2015. Det er fire aktørar som har gjeve bod på aksjane i Fjord1 eller på aksjane i eigarselskapet F1 Holding. Boda har lansert ulike løysingar for eit heilt eller delvis sal av våre aksjar. Rådgjevarane har på vegne av fylkesrådmannen forhandla parallelt med dei fire bodgjevarane.

Av omsyn til konkurransen i ferjemarknaden vil fylkesrådmannen berre omtale den bodgjevaren fylkesrådmannen har innstilt som preferert løysing ved eit sal av Fjord1-aksjane.

Torghatten

Torghatten er eit av dei største transportkonserna i landet med ein årleg omsetnad på 8 mrd. kr og om lag 4 500 tilsette. Verksemda har fokus på sjø-, buss- og flytransport. Selskapet sin historie går attende til 1878 da Dampskipet Torghatten Aktieselskap vart stifta. Konsernet har ein modell med ei lita konsernleiing og geografiske og/eller funksjonelle dotterselskap i ein desentralisert struktur med hovudkontor lokalisert nær dei aktuelle sambanda.

Aksjesalsavtale og aksjeeigaravtale med Torghatten

Rådgjevarane våre har forhandla fram eit sett avtalar for gradvis realisering av eigarinteressene våre i Fjord1 med Torghatten jf. uprenta vedlegg i saka. Rådgjevarane har vurdert det slik at den løysinga som er forhandla fram samla sett vil gje det beste resultatet for fylkeskommunen og Fjord1, både samanlikna med andre bod og samanlikna med dei andre handlingsalternativa.

Kort samanfatta inneber aksjesalsavtalen med Torghatten at vi sel 50 % av aksjane i F1 Holding no. I aksjeeigaravtalen får Torghatten ein opsjon til å kjøpe dei resterande 50 % av aksjane i F1 Holding tidlegast 1. januar 2017. Samstundes sikrar aksjeeigaravtalen oss høve til å selje dei resterande 50 % av aksjane etter 1. januar 2019. Dei nærare vilkåra for opsjonane er regulert i aksjeeigaravtalen, sjå nedanfor.

Avtaleverket inneber såleis at Torghatten og fylkeskommunen vil eige F1 Holding i fellesskap i ein overgangsperiode.

Aksjesalsavtalen gjev oss eit samla minimumsvederlag for 100 % av aksjane i F1 Holding. I tillegg inneheld prisen to tilleggsvederlag. Tilleggsvederlag nr. 1 gjer at samla vederlag vert påverka av resultat etter skatt i Fjord1 for åra 2016-18 i form av utbytteutbetaling. Tilleggsvederlag nr. 2 gjer at samla vederlag vert påverka av resultat før skatt i 2018 (referansepunkt) og 2019. Ei nærare skildring av dei ulike komponentane i kjøpesummen er gjevne i uprenta vedlegg 1; notatet frå Wiersholm og DHT av 12. november 2015.

Det er òg tinga fram ein aksjeeigaravtale som vil gjelde for den felles eigarskapen i F1 Holding jf. uprenta vedlegg i saka. Etter aksjeeigaravtalen får fylkeskommunen og Torghatten to styremedlemmar kvar i styra til F1 Holding og Fjord1, fylgjeleg samla fire av i alt 8 styremedlemmar i Fjord1. Vidare er det avtalt at hovudkontoret til Fjord1 skal vere i Florø. Det er også avtalt at eit fleirtal av medlemmane i styre og generalforsamling frå fylkeskommunen og Torghatten, og då minst ein representant for kvar av partane, må slutte opp om vedtak i nokre viktige saker. Dette vil til dømes gjelde endring av vedtektene og eventuell fusjon/fisjon. Vedtektene til Fjord1 seier at hovudkontoret skal vere i Florø. Ei endring av dette krev difor fleirtal i styret og i generalforsamlinga.

Gjennomføring av avtalane med Torghatten krev samtykke frå Konkurransetilsynet.

Kombinasjonsløyising for den framtidige eigarskapen i Fjord1

Avtalane som er forhandla fram med Torghatten inneber ein kombinasjon av handlingsalternativ 1 og 3. 50 % av aksjane i F1 Holding vert selde no, medan dei resterande aksjane i F1 Holding vert eigde i ein overgangsperiode.

Avtalen om at samla vederlag vert påverka av resultat i Fjord1 i dei neste åra byggjer på at Fjord1 har ei forventta lønsemd i desse åra. Rådgjevarane meiner at ei slik samansetning av vederlaget kan vere eit godt alternativ for oss.

Modellen byggjer også på at verdivurderingar og boda reflekterer ein vesentleg auke i verdiane for Fjord1-aksjane. I lys av den usikre økonomiske utviklinga i selskapet etter 2018 kan det argumenterast for at vi bør sikre delar av noverdien for aksjeposten, samstundes som vi er eksponert mot resultatet til Fjord1 i ein overgangsperiode.

Kombinasjonsmodellen inneber òg at vi minst fram til 1. januar 2017 kan vere med på å vidareutvikle verdiane i Fjord1 saman med ein industriell aktør på like vilkår.

Torghatten er ein seriøs og profesjonell aktør som ser fram til eit industrielt samarbeid med fylkeskommunen, dersom dei får høve til det. Samstundes er Torghatten positiv til å ivareta andre av interessene våre, mellom anna å halde hovudkontoret i Florø og ivareta arbeidsplassane i fylket. Historisk har Torghatten vist at dei større selskapa dei kjøper held fram som sjølvstendige juridiske einingar med lokal administrasjon og lokalt hovudkontor, jf. mellom anna eigarposten i Firda Billag.

Ein anna fordel med eit nedsal av delar av aksjeposten no er at dette vil frigjere kapital som kan nyttast til andre prioriterte føremål. Vi vil også vere utsett for ein lågare risiko ved ein redusert eigarskap i Fjord1.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Verknad for det fylkeskommunale driftsbudsjettet

Fylkeskommunen sitt driftsbudsjett vert berre påverka i den grad det er aktuelt å styrke eigenkapitalen i selskapet, endre utbytteutbetalingane, eller ved at ein eventuell salsvinst vert nytta til å sanere gjeld og såleis redusere kapitalutgiftene våre.

Ei eventuell styrking av eigenkapitalen i selskapet kan ikkje lånefinansierast. Det betyr i praksis at den aktuelle styrkinga må finansierast via fylkeskommunen sitt driftsbudsjett det året det er aktuelt å gå inn med kapital i selskapet.

Utbytteutbetalingane kan brukast i driftsrekneskapan. På grunn av dei store svingingane som ligg i utbytteutbetalingane det enkelte år, nyttar berre fylkeskommunen ein avgrensa del av sine lokale inntekter til driftsføremål. Største delen av føresett utbytte frå Fjord1 er difor vedteke nytta til ekstraordinær nedbetaling av gjeld. Denne posten kan justerast i samsvar med oppnådd utbytte.

Eit sal vil frigjere fylkeskommunal kapital som kan nyttast til andre prioriterte kapitalføremål i fylkeskommunal regi.

I samsvar med fylkesutvalet sitt vedtak 24. september 2014 rår fylkesrådmannen til at salsinntekta, med frådrag av konsulentutgifter, vert nytta til gjeldssanering.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ved inngangen til 2015 den høgaste lånegjelda i landet målt i kr. pr. innbyggjar. Ved å nytte ein salsvinst til gjeldssanering oppnår vi to sentrale effektar:

- Lånegjeldsbelastninga i kr pr. innbyggjar vert vesentleg redusert og vil etter dette ligge om lag på landssnittet
- Ein monaleg reduksjon i dei årlege kapitalutgiftene, og tilsvarende betring av driftsbalansen til fylkeskommunen.

Rettslege konsekvensar

Forkjøpsrett

Ved sal av fylkeskommunen sine aksjar i Fjord1 har medeigaren Havila forkjøpsrett.

Modellen som er avtalt med Torghatten gjeld sal av aksjar i F1 Holding. Sal av aksjar i eit eigarselskap som F1 Holding utløyser som eit klårt utgangspunkt ikkje forkjøpsrett.

Rådgjevarane meiner at forkjøpsretten ikkje kjem til bruk ved transaksjonsmodellen med Torghatten, men kan ikkje sjå bort frå dette. For ei meir inngåande utgreiing, vert det vist til uprenta vedlegg 1; notat frå Wiersholm/DHT med vedlegg, dagsett 12. november 2015. Spørsmålet om forkjøpsrett er også nærare regulert i dei transaksjonsavtalane, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.

Konkurranserett

Eit sal av fylkeskommunen sine aksjar til Torghatten må godkjennast av Konkurransetilsynet før det kan gjennomførast.

Rådgjevarane vurderer det slik at det kan vere ein viss risiko i samband med godkjenninga. Samstundes meiner rådgjevarane at gode grunnar tilseier at transaksjonen ikkje vil avgrense konkurransen. For ei nærare utgreiing av dette vert det vist til uprenta vedlegg 1; notat frå Wiersholm/DHT med vedlegg, dagsett 12. november 2015.

Rollekonflikten som tingar og leverandør

Som tingar av transporttenester og majoritetseigar i ein leverandør av transporttenester har vi ein ibuande rollekonflikt. Rollekonflikten blir synleg gjennom anbudsprosessar og ved mogleg strid om utføring av transporttenester. Ved eit vedvarande eigarskap i Fjord1 vil denne rollekonflikten halde fram.

Rådgjevarane vurderer det slik at fylkeskommunen også i framtida må skilje mellom dei ulike rollene for å minske faren for rollekonflikt. Sjølv om ein klarer å etablere eit slikt skilje, kan dobbeltrolla vere uheldig på lang sikt.

Skatt

Vinsten som fylkeskommunen oppnår ved eit sal av aksjar i Fjord1 får ikkje skattemessige konsekvensar.

Personalpolitiske konsekvensar

Løysinga har få eller ingen personalpolitiske konsekvensar for fylkeskommunen. Dagleg leiing av F1 Holding er ekstern engasjert og sekretærfunksjonen (bilag, arkiv mm.) er berre ein mindre del av ei stilling i fylkeskommunen.

5. KONKLUSJON

Fylkesrådmannen meiner at den løysinga som er forhandla fram samla sett vil gje det beste resultatet for fylkeskommunen og Fjord1, både samanlikna med andre bod og samanlikna med dei andre handlingsalternativa. Den vil òg styrke den fylkeskommunale økonomien monaleg framover. Samstundes sikrar løysinga nokre strategiske omsyn som t.d. hovudkontor i Florø.

Det er også eit vesentleg poeng at risikoen i denne marknaden er stor, og at den aukar som følgje av nye miljøkrav og auka internasjonal konkurranse. Denne risikoen vil kunne gje store variasjonar i avkastinga på kapitalen, både i positiv og negativ retning. Fylkesrådmannen meiner at fylkeskommunen - som ei offentleg forvaltningsverksemd - ikkje bør eksponere seg for den type risiko.

Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkestinget inngår aksjesalsavtale mm. med Torghatten og sel seg ned i Fjord1/F1 Holding etter kvart.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)